



Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

EKSAMEN

6006

Forretningsjus

27.05.2013

Bø og Porsgrunn

Tid: 5 timer

Målform: Bokmål/nynorsk

Sidetall: 7 sider (inkludert denne)

Hjelpemiddel: Norges Lover og annen offisiell lovtekst uten kommentarer

Merknader: Dersom oppgavene er uklare, må du selv ta de nødvendige forutsetninger. Forutsetningene bør gå klart frem av besvarelsen. Samtlige spørsmål skal besvares.

Vedlegg: Ingen

Sensuren finner du på StudentWeb.



OPPGAVETEKST BOKMÅL

Oppgave 1

Peder Ås eier en enebolig i Lillevik. Han er fornøyd med huset sitt, bortsett fra at det er for lite. Han bestemte seg derfor å bygge på huset med en ekstra etasje.

Den 5. januar 2012 søkte han kommunen om byggetillatelse.

Naboen til Peder Ås, Lars Holm, fikk vite om byggeplanene et par uker senere. Han reagerte på byggeplanene. Det var på det rene at Lars Holm ville miste utsikten sin dersom Peder fikk lov til å bygge slik han hadde søkt om. Lars skrev derfor et brev til kommunen, der han opplyste om dette. Brevet inneholdt også ellers en del andre opplysninger om Peders eiendom, herunder at Peder leier ut en hybel i kjelleren som ikke er godkjent for beboelse.

Spørsmål 1: Har Peder Ås krav på å få se brevet fra Lars Holm? Begrunn svaret.

I Lillevik kommune forberedes byggesakene av administrasjonen, og de avgjøres av teknisk hovedutvalg. I møte i teknisk hovedutvalg i Lillevik kommune den 10. februar ble byggesøknaden til Peder innvilget. Beslutningen var enstemmig.

Peder ble meget glad og lettet da han fikk vite at byggesøknaden var innvilget. Lars Holm ble derimot ikke særlig fornøyd. Da han fikk greie på vedtaket, klaget han umiddelbart. Han anførte at vedtaket var uriktig, da kommunen ikke hadde tatt tilstrekkelig hensyn til de ulempene tilbygget ville medføre for ham.

Spørsmål 2: Har Lars Holm klagerett på vedtaket om å innvilge Peder Ås' byggesøknad? Begrunn svaret.

Kommunen mente at Lars Holm ikke hadde klagerett, og avviste klagen hans. Den ble derfor ikke sendt til klageinstansen.

Spørsmål 3: Har Lars Holm klagerett på vedtaket om å avvise klagen hans? Begrunn svaret.

Om lag én måned etter at Peder Ås hadde fått byggetillatelse, fikk Holm ved en ren tilfeldighet vite at Marte Kirkerud, hadde deltatt i behandlingen av saken. Marte Kirkerud er samboer med Peder Ås' sønn, Peder Ås jr. De har også et barn sammen, nemlig Jonas som er syv år.

Marte Kirkerud var ikke med på å treffe vedtaket i saken; hun arbeider i administrasjonen og var således utelukkende med på å forberede saken for Teknisk hovedutvalg. Hun var hjemme i sitt eget hus da vedtaket ble truffet.

Spørsmål 4: Var Marte Kirkerud inhabil? Begrunn svaret.

Spørsmål 5: Forutsatt at Marte Kirkerud var inhabil, hvilken betydning vil dette kunne få for vedtaket. Begrunn svaret og vis til eventuell lovhjemmel.

Etter mye om og men kom Peder omsider i gang med byggingen. Han var en nevenyttig kar,



så han bestemte seg for å utføre byggearbeidene selv.

I forbindelse med oppføring av grunnmuren, bestilte han 10 paller med murblokker av merket "Heca" fra Lillevik Betong AS. Peder arbeidet som ingeniør hos Storevik Entreprenør AS, som hadde en rabattavtale med Lillevik Betong AS. For å spare penger, ble derfor murblokkene bestilt av Peder i arbeidsgiverens navn.

Spørsmål 6: Hvilken lov reguleres dette kjøpet av? Begrunn svaret.

Lillevik Betong AS hadde ikke murblokkene på lager. Forretningen ventet imidlertid en leveranse fra Heca med leveringssted på fergekaia i Storevik. For å spare tid, ble det avtalt at Peder skulle hente murblokkene selv der, og han fikk i den forbindelse opplyst at levering ville finne sted mellom 7. og 14. mai.

Heca leverte betongblokkene på kaia den 10. mai. Et eget parti med murblokker var på forhånd skilt ut for Peder og merket med hans navn. Peder fikk ikke beskjed om at varene var kommet, fordi Heca hadde glemt å si fra om dette til Lillevik Betong AS. Pr 16. mai sto blokkene fortsatt uhentet på fergekaia.

Om morgenen den 17. mai ble fergekaia i Storevik truffet av en kanonkule, som kom fra Storevik festning. Kanonsalutt kl 06.00 den 17. mai er en lang tradisjon i Lillevik. Men denne gangen landet ikke kanonkula i sjøen slik den bruker, og uhellet var et faktum.

Alt som befant seg på fergekaia, ble ødelagt av kanonkula, også murblokkene til Peder. Peder mente at han hadde krav på mangelfri vare. Han nektet derfor å betale for murblokkene.

Spørsmål 7: Forutsett nå at forbrukerkjøpsloven gjelder, og gi deretter et begrunnet svar på om Peder må betale for murblokkene.

Twisten mellom Peder og Lillevik Betong AS ordnet seg til slutt ved at partene inngikk et forlik, som begge var fornøyde med. Peder skulle betale for betongblokkene, men til gjengjeld skulle han få kjøpe takstein til en tredjedel av markedsprisen.

I forliksavtalen sto det følgende:

"Partene har i dag blitt enige om å løse tvisten i minnelighet. Peder skal betale for betongblokkene. Som motytelse skal Lillevik Betong AS levere 12 paller med "Roof XL" takstein. Prisen for taksteinene settes til 10 000 kroner."

Taksteinene ble levert den 5. juni. Sammen med leveransen fulgte en faktura, som så slik ut:

FAKTURA

Faktura nr: 3412

Faktura dato: 5. juni 2012

12 paller "Roof XL"	kr 10 000,-
Mva	kr 2 500,-
Til sammen	kr 12 500,-

Betales til konto nr 3887.10.78656

Lillevik Betong AS
2340 Lillevik



Peder mente at han ikke skulle betale merverdiavgift. Dette ble imidlertid avvist av Lillevik Betong AS, som viste til at firmaet var merverdiavgiftspliktig. Dersom Peder ville betale "svart", måtte han ha sagt fra på forhånd.

Spørsmål 8: Er merverdiavgift inkludert i de kr 10 000,- som Peder skal betale i henhold til avtalen eller kan dette kreves betalt i tillegg? Begrunn svaret

Spørsmål 9: Forutsatt at fakturaen ikke blir betalt, fra hvilket tidspunkt kan Lillevik Betong AS kreve forsinkelsesrenter?

Peder betalte aldri fakturaen fra Lillevik Betong AS. Det viste seg også at huset til Peder var pantsatt "til over pipa", slik at det ikke var noe å ta dekning i der. Imidlertid eier Peder en båt, som er verd ca 50 000 kroner.

Peder Ås er gift med Nina Ås. Ektefellene har felleseie. Nina Ås mener at Lillevik Betong AS ikke kan ta beslag i båten fordi ektefellene har felleseie.

Spørsmål 10: Er anførselen fra Nina Ås rettslig holdbar? Begrunn svaret.

Oppgave 2

Spørsmål 11: Forklar kort hva lex posterior-prinsippet går ut på.

OPPGÅVETEKST NYNORSK

Oppgåve 1

Peder Ås eig ein einebustad i Lillevik. Han er nøgd med huset sitt, bortsett frå at det er for lite. Han bestemte seg difor for å bygge på huset med ein ekstra etasje.

Den 5. januar 2012 søkte han kommunen om byggeløyve.

Grannen til Peder Ås, Lars Holm, fekk vite om byggeplanane eit par veker seinare. Han reagerte på byggeplanane. Det var på det reine at Lars Holm ville miste utsikta si dersom Peder fekk lov til å bygge slik han hadde søkt om. Lars skreiv difor eit brev til kommunen, der han opplyste om dette. Brevet inneheld også ein del andre opplysningar om Peder sin eigendom, mellom anna at Peder leiger ut ein hybel i kjellaren som ikkje er godkjend for bustadføremål.

Spørsmål 1: Har Peder Ås krav på å få sjå brevet frå Lars Holm? Grunnge svaret.



I Lillevik kommune førebur administrasjonen byggesakene, og avgjerder vert tekne av teknisk hovudutval. I møte i teknisk hovudutval i Lillevik kommune den 10. februar blei byggesøknaden til Peder stetta. Avgjerda var samrøystes.

Peder vart svært glad og letta då han fekk vite at byggjesøknaden hans vart stetta. Lars Holm vart derimot ikkje særleg nøgd. Då han fekk greie på vedtaket, klaga han med ein gong på det. Han gjorde gjeldande at vedtaket ikkje var rett, fordi kommunen ikkje hadde teke tilstrekkeleg omsyn til dei ulempene tilbygget ville ha for han.

Spørsmål 2: Har Lars Holm klagerett på vedtaket om å stette byggesøknaden til Peder Ås? Grunngje svaret.

Kommunen meinte at Lars Holm ikkje hadde klagerett, og avviste klagen hans. Klagen vart difor ikkje send til klageinstansen.

Spørsmål 3: Har Lars Holm klagerett på vedtaket om å avvise klagen hans? Grunngje svaret.

Om lag ein månad etter at Peder Ås hadde fått byggeløyve, fekk Holm ved eit slumpetreff vite at Marte Kirkerud hadde tatt del i handsaminga av saka. Marte Kirkerud er sambuar med Peder Ås sin son, Peder Ås jr. Dei har også eit barn saman, nemlig Jonas som er sju år.

Marte Kirkerud var ikkje med på å treffe vedtaket i saka; ho arbeider i administrasjonen og var difor berre med på å førebu saka for teknisk hovudutval. Ho var heime i sitt eige hus då vedtaket vart gjort.

Spørsmål 4: Var Marte Kirkerud ugild? Grunngje svaret.

Spørsmål 5: Dersom Marte Kirkerud var ugild, kva konsekvens vil dette kunne få for vedtaket? Grunngje svaret og vis til eventuell lovheimel.

Etter mykje om og men kom Peder omsider i gang med bygginga. Han var ein nevenyttig kar, så han bestemde seg for å gjere byggearbeida sjølv.

I samband med oppføring av grunnmuren, tinga han 10 pallar med murblokker av merket "Heca" frå Lillevik Betong AS. Peder arbeidde som ingeniør hos Storevik Entreprenør AS, som hadde ei rabattavtale med Lillevik Betong AS. For å spare pengar, vart difor murblokkene tinga av Peder i arbeidsgjevaren sitt namn.

Spørsmål 6: Kva lov regulerer dette kjøpet? Grunngje svaret.

Lillevik Betong AS hadde ikkje murblokkene på lager. Men forretninga venta ei levering frå Heca med leveringsstad på ferjekaia i Storevik. For å spare tid, vart det avtala at Peder skulle hente murblokkene der sjølv, og Peder fekk i samband med det opplyst at levering ville skje mellom 7. og 14. mai.

Heca leverte betongblokkene på ferjekaia den 10. mai. Eit eige parti med murblokker var på førehand skilt ut for Peder og var merka med hans namn. Peder fekk ikkje beskjed om at varene var komne, fordi Heca hadde gløymt å seie frå om dette til Lillevik Betong AS. Pr 16. mai sto blokkene framleis uhenta på ferjekaia.



Om morgonen den 17. mai blei ferjekaia i Storevik treft av ei kanonkule, som kom frå Storevik festning. Kanonsalutt kl. 06.00 den 17.mai er ein lang tradisjon i Lillevik. Men denne gongen landa ikkje kanonkula i sjøen slik den brukar, og uhellet var eit faktum.

Alt som var på ferjekaia, vart øydelagt av kanonkula, også murblokkene til Peder. Peder meinte at han hadde krav på mangelfri vare. Han nekta difor å betale for murblokkene.

Spørsmål 7: Gå ut frå at forbrukarkjøpslova gjeld, og gi deretter eit grunngjeve svar på om Peder må betale for murblokkene.

Twisten mellom Peder og Lillevik Betong AS ordna seg til slutt ved at partane fann ei løysing, som begge var nøgde med. Peder skulle betale for betongblokkene, men til gjengjeld skulle han få kjøpe takstein til ein tredjedel av marknadsprisen.

I forliksavtala stod det følgjande:

"Partne har i dag blitt samde om å løyse tvisten. Peder skal betale for betongblokkene. Som motyting skal Lillevik Betong AS levere 12 pallar med "Roof XL" takstein. Prisen for taksteinane vert sett til 10 000 kroner."

Taksteinene vart leverte den 5. juni. Saman med leveringa følgde ein faktura, som såg slik ut:

FAKTURA	
Faktura nr: 3412	
Faktura dato: 5. juni 2012	
12 pallar "Roof XL"	kr 10 000,-
<u>Mva</u>	<u>kr 2 500,-</u>
Til saman	kr 12 500,-
Betalast til konto nr 3887.10.78656	
Lillevik Betong AS	
2340 Lillevik	

Peder meinte at han ikkje skulle betale meirverdiavgift. Dette vart avvist av Lillevik Betong AS, som synte til at firmaet var meirverdiavgiftspliktig. Dersom Peder ville betale "svart", måtte han ha sagt ifrå på førehand.

Spørsmål 8: Er meirverdiavgift inkludert i dei kr 10 000,- som Peder skal betale etter avtala eller kan dette krevjast betalt i tillegg? Grunngje svaret.

Spørsmål 9: Føreset at fakturaen ikkje vert betalt, frå kva tidspunkt kan Lillevik Betong AS krevje forseinkingsrenter?

Peder betalte aldri fakturaen frå Lillevik Betong AS. Det synte seg også at huset til Peder var



pantsett "til over pipa", slik at det ikkje var noko å ta dekning i der. Men Peder eig ein båt, som er verdt ca 50 000 kroner.

Peder Ås er gift med Nina Ås. Ektefellene har felleseige. Nina Ås meiner at Lillevik Betong AS ikkje kan ta beslag i båten fordi ektefellene har felleseige.

Spørsmål 10: Er påstanden til Nina Ås rettsleg haldbar? Grunngje svaret.

Oppgave 2

Spørsmål 11: Forklar kort kva lex posterior-prinsippet går ut på.